

STRATEGIPLAN 2021- 2024.

TILSKOT TIL SÆRSKILDE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)

TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER



Framlegg til Strategiplan 2017-2020 dagsett 23.02.2021

Oddvar Gjerde
Sakshandsamar.

Vedteke av:

- Herøy Formannskap den 15.03.2021, sak 41/21
- Ulstein Formannskap den 16.03.2021, sak 31/21
- Hareid Formannskap den 15.03.2021, sak 41/21

TILSKOT TIL SÆRSKILDE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL) TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER.

INNHALD :	SIDE:
1. Bakgrunn	2-3
2. Organisering av arbeidet	3
3. Status og utfordringar for 2021-2024	3-4
Tilskot til Særskilde Miljøtiltak i Jordbruket (SMIL):	
4. Målsetjing ved bruken SMIL-midlane	4
5. Behov for midlar i perioden	4
6. Generelle vilkår	4-5
7. Prioritering og aktuelle tiltak innanfor jordbruk	5
8. Tilskotssatsar	5-6
9. Søknadsfrist	6
Tilskot til tiltak i beiteområder:	
10. Heimel	7
11. Formål	7
12. Vilkår	7
13. Kva ein kan søkje på og prioitering av tiltak	7-8
14. Tilskotssatsar	8
15. Timesats eige og leigd arbeid	8
16. Søkndsfrist	8
Korleis søkje	
17. Korleis søkje	8

1. BAKGRUNN:

Kommunane overtok frå og med 01.01.2014 ei rekkje nye oppgåver innanfor landbruksforvaltinga.

Bakgrunnen var Stortingsmelding nr. 19 (2000-2002) «Nye oppgåver for lokaldemokratiet på regionalt nivå.» Dette vart gjort for å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samheng med andre samfunnsoppgåver og samtidig bidra til betre målretting og effektivisering av den statlege verkemiddelbruken.

«Forvaltning av Særskilde Miljøtiltak i Jordbruket (SMIL)» var ei av ordningane som vart overført til kommunane med verknad frå og med 01.01.2004.

Lenke til denne forskrifta er: FOR-2004-02-04-448 Landbruks- matdepartementet sist endra FOR-2020-12-21-3044 gjeldande frå og med 01.01.2021.

Ordninga med tilskot til tiltak i beiteområder vart overført frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til kommunane med verknad frå og med 01.01.2020. Retningslinjene for ordninga er heimla i *Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder* og i *Rundskriv 2019-45 «Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder»* frå Landbruksdirektoratet.

Lenke til denne forskrifta er: FOR-2013-02-04-206 Landbruks- og matdepartementet sist endra FOR-12-21-3044 gjeldande frå og med 01.01.2021.

Den første Strategiplanen for økonomiske verkemiddel i landbruket var gjeldande for åra 2005-2008. I dei to første Strategiplanane for åra 2005- 2012 var også NMSK-midlane (skogbruksmidlane) med i Strategiplanen. Frå og med 2013 har NMSK-midlane eigen Strategiplan.

Den 5. Strategiplanen vert gjeldande for 2021-2024. Dei to ordningane som er tatt med i komande «Strategiplan 2021-2024» er «SMIL-ordninga» og «Tilskot til tiltak i beiteområder.»

2. ORGANISERING AV ARBEIDET

I samband med utarbeiding av ny Strategiplan for 2021-2024 vart faglaga/ næringsorganisasjonane i landbruket invitert til drøftingsmøte den 03.02.2021 om revidering av Strategiplanen for bruken av SMIL-midlane for denne perioden.

Representantar for desse faglaga/ næringsorganisasjonane deltok på møtet:

- ✓ Vestre Sunnmøre Bondelag.
- ✓ Hareid, Ulstein, Herøy og Sande Bonde- og Småbrukarlag.
- ✓ Herøy Sau og Geitealslag.
- ✓ Sunnmøre Villsaulag.

Det var semje om å byggje på hovudlinjene for gjeldande Strategiplan. I tillegg til «SMIL-tiltaka» var ein samde om å ta inn i planen «Tilskot til tiltak i beiteområder.»

Ein var òg samde om å setje eit kostnadstak på kr. 200.000. uavhengig kva tiltak/ prosjekt det gjeld. Vidare at ein framleis skal gi tilskot til bygging av «Enkelt leskur for dyr på beite» (sau, storfe), men at tilskotet skal avgrensast til kr. 40.000. og eit kostnadstak på kr.100.000. Tiltaket skal følgje retnings-linjene frå Mattilsynet visst slike ligg føre.

Timesatsen for eige og leigd arbeid på kr. 350. pr. time skal vidareførast, med eit tillegg for bruk av motorsag på kr. 50 pr. time og for bruk av eigen traktor på kr. 550. pr. time.

3. STATUS OG UTFORDRINGAR FOR 2021 - 2024

Med unntak av nokre få store bruk, så er dei fleste bruka i kommunane Herøy, Ulstein og Hareid middels og små. Tal aktive bruk (søkjer om produksjonstilskot i jordbruket) var i 2020 til saman for desse kommunane 120 bruk, fordelt med 65 bruk i Herøy, 35 i Ulstein og 20 i Hareid.

Sidan 2000 talet har det vore stor strukturrasjonalisering der det i hovudsak har gått ut over tal bruk med mjølkeproduksjon og rein kjøttproduksjon på storfe. Endringa i tal mjølkeproduksjonsbruk har vore størst i Hareid og Herøy. Siste åra har tal bruk i drift vore stabilt og den driftsforma som har auka er bruk med utgangarsau.

Det ligg godt til rette for auke i tal bruk med storfe og då særleg ammekuproduksjon då det i dag er stor import av storfekjøtt frå utlandet.

I 2017 var det omlag 560 landbrukseigedomar (over 5 daa jordbruksareal og 25 daa skog) i desse tre kommunane, derav om lag 300 landbrukseigedomar i Herøy kommune, 140 landbrukseigedomar i Ulstein kommune og 120 landbrukseigedomar i Hareid kommune.

Også i desse kommunane har det vorte færre dyr på beite i utmarka og tungvint innmarksareal til slått og beite har gått ut av aktiv drift. Dette gjer at både innmark og utmark gror att og småskog og einer tek over desse areala. Det er viktig å få fram att kystlandskapet og kystlynghei og for å kunne ta vare på gamle tradisjonar for stell av kultur- og fjellandskapet i kommunane våre. Attgroing langs vegane våre tar vekk utsikta og er særleg merkbart der det før var ope landskap.

SMIL-ordningane innanfor tradisjonell bruk er derfor viktig for å motverke denne endringa. Det trengst fleire dyr både på innmarks- og utmarksbeite for å hindre den stadig aukande attgroinga i vårt vakre kyst-, fjell- og fjordlandskap.

På grunn av større og meir intense nedbørsmengder, har behovet for hydrotekniske tiltak lokalt auka siste åra. Det har vorte løyvd SMIL-midlar til utbetring av lukka kanalar, opne avskjeringsgrøfter, opne kanalar, plastring av kanalar og flomsikringstiltak i mindre elvar/ bekkar. Hydro-tekniske tiltak har høg prioritet.

4. MÅLSETJING VED BRUKEN AV SMIL-MIDLANE

- ✓ Motverke attgroing, kulturminne og tap av biologisk mangfald som er knytt til Landbruket. Fremje aktiv beitebruk både på innmarksbeite og i utmark. Gjere det lettare å halde dei små bruka i aktiv drift og få areal ut av bruk i drift att.
- ✓ Motverke forfall av eldre verneverdige bygningar som kan reknast som kulturminne.
- ✓ Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
- ✓ Betre mulegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.
- ✓ Bidra til å redusere forureininga frå jordbruket.

5. BEHOV FOR MIDLAR I PERIODEN

Kommunane får kvart år tildelt ei ramme frå Fylkesmannen . Tildelinga har delvis vorte tildelt etter innmelding av behov og historisk brukte SMIL-midlar i kommunane.

I løyvingsskriv frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal datert 15.01.2021 fekk Herøy kommune tildelt for 2021 kr. 220.000. i SMIL-midlar, Ulstein kr. 140.000. og Hareid 110.000.

I tillegg til den årlege tildelinga av SMIL-midlar frå Fylkesmannen, har Landbrukskontoret vore aktive med gjenbruk av ubrukte løyvingar (inndregne SMIL-midlar) til løyvde prosjekt som ikkje har vorte gjennomførte innan arbeidsfristen på 5 år.

Etterspurnaden etter tilskots-midlane har vore stor. Den årlege tildelinga har vorte delt ut til mange gode prosjekt. Behovet for midlar til hydrotekniske tiltak har vore aukande. Vi vonar at gapet mellom behovet av tilskotsmidlar og tildeling av tilskotsmidlar ikkje vert for stort.

6. GENERELLE VILKÅR

Til grunn for all handsaming av søknader ligg dei sentrale Føreskriftene (sjå punkt 1. bakgrunn).

I lokale retningslinjer for kommunane Herøy, Ulstein og Hareid har vi sett følgjande vilkår:

- a). Tiltak som er begynt på eller ferdig, vert ikkje prioritert for tilskot.
- b). Det vert ikkje løyvd tilskot til maskinarbeid ved rydding/ skjøtsel av gamal kulturmark.
- c). Hovudregelen er at ein ikkje får løyving til inngjerding av dyrka jord.
- d). Ved søknad om tilskot til tiltak på eldre verneverdige bygningar, vil flytting ikkje få støtte.
- e). Anlegg/ tiltak må tilfredstillande utførast og investeringane må haldast innanfor ei forsvarleg ramme.

7. PRIORITERING AV AKTUELLE TILTAK INNANFOR JORDBRUK

Prioriteringar i perioden:

- Marknadsføre ordningane.
- Prioritere aktive gardbrukarar (rett til produksjonstilskot).
- Prioritere dei tiltaka som gir størst nytte. Gjeld tiltak for ferdsel til kulturminne og tiltak for å hindre attgroing av kulturlandskapet.
- Prioritere samarbeidstiltak framfor enkelttiltak.
- Prioritere naudsynte tiltak for å unngå vidare forfall på bygningar og kulturminne.
- Alle ordningane er likestilte.

Aktuelle tiltak:

- ✓ **Kulturlandskap:**
 - Ta vare på viktige kulturminne og kulturmiljø.
 - Tiltak som hindrar attgroing av kulturlandskapet og tap av biologisk mangfald.
 - Leggje til rette for at allmennheita skal få tilgang/ ferdsel til viktige kulturminne og kulturmiljø.
 - Hindre at eldre bygningar som kan reknast som kulturminne forfell.
 - Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
 - Bygging av skur for dyr som går på beite.
- ✓ **Tiltak innanfor forureining:**
 - Hydrotekniske anlegg
Opning av lukka kanalar, renovering av lukka kanalar, opne avskjeringsgrøfter, opne kanalar, plastring av kanalar, flomsikring av mindre elver/ bekker.
 - Klimaplantingar/ leplantingar.
 - Landskapsplantingar.
 - Vegetasjonssonar.
 - Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
 - Grøfting av dyrka mark (syner til eiga føreskrift juli 2013).
 - Fangdam/ våtmark.
 - Sikker lagerplass for rundballar.

8. TILSKOTSATSAR

Eige og leigd arbeid:

- For eigeninnsats og leigd arbeid godkjenner ein følgjande satsar:
 - Kr. 350 pr. time.
 - Kr. 50 pr. time i tillegg for bruk av motorsag.
 - Kr. 550 pr. time for bruk av eigen traktor med førar.

Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande.

For å fordele tilskot til flest mogleg gode prosjekt er det sett eit øvre kostnadstak pr. prosjekt på kr. 200.000.

Tiltak i kulturlandskapet:

- Gammal kulturmark/ tiltak mot attgroing av utmark.
 - Enkelttiltak: Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - Samarbeidstiltak: Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - Rydding av gamal piggråd/ gjerde: Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

- Freda og verneverdige bygningar.

Prosjekt som er vurdert av kulturavdelinga på fylket vert prioritert.

 - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Tiltak vurdert av kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommune og saker som får midlar frå Kulturminnefondet vert prioritert.

Skal restaurerast i samsvar med heftet "Råd om istandsetting av eldre hus" som er utarbeidd av fylkeskonservatoren i Møre og Romsdal.

- Tilgjenge/oppleving.
 - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Kulturminne/kulturmiljø.
 - Inntil 40 % av godkjent kostnadsoverslag.
 - Steingard/ steinmurar inntil 50 % av godkjent kostnad.

- Biologisk mangfald.
 - Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.

- Tiltak som fremjar organisert beitebruk.
 - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Leskur for dyr på beite.
 - Inntil 40 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Maks tilskot kr. 40.000. innanfor eit godkjent kostnadsoverslag pr. prosjekt på kr. 100.000. Tiltaket skal følgje retningslinjene frå Mattilsynet visst slike ligg føre.

Tiltak mot forureining:

- Vedlikehaldsgrøfting av gamal kulturmark og innmarksbeite.
 - Inntil 30 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag avgrensa til kr. 2500. pr daa.
 - Ved kostnadsoverslaget skal det leggjast ved enkelt grøftekart (1:1000 el. 1:2000).
 - Arbeidet skal fagmessig utførast med godkjente drenerør og dekkmateriale.

- Hydrotekniske anlegg, slik som opne kanalar.
 - Enkelttiltak. Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.
 - Fellestiltak. Inntil 60 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Høytørke.
 - Inntil 50 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

- Klimaplanting/ leplanting.
 - Enkelttiltak: Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
 - Samarbeidstiltak: Inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag.

- Sikker lagerplass for rundballar.
 - Inntil 40 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

9. SØKNADSRIST

Søknadsfristen for den tradisjonelle SMIL-ordninga er kvart år den 01.02. med unntak av i 2021 då fristen for å søkje er 01.04.2021. Søknader som kjem inn til fristen vil ha 1. prioritet. Søknader som kjem inn etter frisen vert handsama dersom ein har ledige midlar etter hovudtildelinga.

TILSKOT TIL TILTAK I BEITEOMRÅDER.

10. HEIMEL

Retningslinjene er heimla i *Forskrift om tilskudd i beiteområder* og i *Rundskriv 2019-45 «Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder»* frå Landbruksdirektoratet.

Ein kan yte tilskot til beitelag og andre former for organisert samarbeid der ein driv beiting i utmark som ein del av næring.

11. § 1. FORMÅL

Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mulig utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområdene.

12. § 2. VILKÅR

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast til lag eller foreningar (beitelag, grunneigarlag, radio-bjellelag) som er registrert i Einheitsregisteret, som driver næringsmessig beitedrift og som sett i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekter i beiteområder.

Tilsvarende gjeld for foretak som har rett til produksjonstilskot etter § 3 og § 4 i forskrift 22. mars 2002 nr. 283 om produksjonstilskot i jordbruket der det grunnet naturgjevne eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid.

Det kan ikkje gjevast tilskot til investeringstiltak og/ eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområder som er leigd på ei periode mindre enn 10 år.

Tilskotet kan avslåast dersom arbeidet med investeringstiltaket er påbegynt før søknaden er handsama.

13. KVA EIN KAN SØKJE PÅ OG PRIORITERING AV TILTAK

Ein kan få tilskot til faste installasjonar knytt til bruken av utmarksbeite. Ein kan også få tilskot til prosjekt knytt til planlegging og tilrettelegging av beite i utmark.

- a) Tiltak som kan få investeringstilskot (lista er ikkje fullstendig):
 - Sperregjerder (ikkje til gjerde der ein har gjerdeplikt)
 - Ferist
 - Bruer
 - Drifteveggar

- Gjeterhytter
- Sanke- og skiljeanlegg
- Saltsteinautomatar
- Elektronisk overvakingsutstyr mv (t.d. radiobjøller, drone)
- Elektronisk gjerde mv t.d. (NoFence)
- b) Tiltak som kan få tilskot til planlegging/ tilrettelegging:
 - Prosjektering av faste installasjonar
 - Organisering av nye/ endra beitelag og beiteområder
 - Prosjekt og planar knytt til utmarksbeiting

Priorisering mellom tiltak

- Søknader frå beitelag om fellestiltak vert prioritert framfor søknader på tiltak som gjeld einskildbrukarar.

14. TILSKOTSATSAR

- Ved investeringar i beiteområder kan dein få løyvd eit tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag.
- Til søknad om støtte til planlegging- og tilretteleggingstiltak kan det løyvast tilskot inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag (jamfør forskrifta).
- Ved tiltak som også kan få støtte frå andre ordningar kan tilskotssatsen setjast lågare.

15. TIMESATS FOR EIGE OG LEIGD ARBEID

Same timesatsar som for SMIL-ordninga.

16. SØKNADSRIST

Søknadsfristen for ordninga «Tilskot til tiltak i beiteområder» er 01.04. Søknader som kjem inn til fristen vil ha 1. prioritet.

17. KORLEIS SØKJE OG HANDSAMING.

Det skal nyttast digitalt søknadsskjema som ein finn på landbruksdirektoratet.no. Vedlagt søknaden skal det liggje kart, teikningar, bilete, avtalar m.m.

Vi tar sikte på å ha ferdighandsama alle søknadane som kjem inn til søknadsfristen innan den 01.06. kvart år.

Meir informasjon vil dykk også finne på kommunen sin heimesider og rettleiingane for dei ulike ordningane.